

# LOV OG EVANGELIUM

Gitt ut av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 6

15. august 1984

20. årg.

## Da vi nå altså er rettferdiggjort av troen, har vi fred med Gud ved vår Herre Jesus Kristus.

(Rom 5,1)

Her er hemmeligheten! Her er den dype, evige grunn til de kristnes vidunderlige fred! Og her er det gjort klart, hva som er i vegen med dem som mangler freden. Apostelen sier ikke: Fordi vi er som vi bør, er så og så gode og fromme; nei, han sier: Da vi nå altså er rettferdiggjort ved troen, har vi fred med Gud ved vår Herre Jesus Kristus.

Du søkerende sjel som mener det så vel, det er visstnok meget rett av deg, ja mer nødvendig enn noe annet i verden, at du legger vinn på guds frykt, ber flittig og andektig, hører Guds ord og stirr alvorlig mot det onde og jager etter det som er godt. Men du har enda ikke fred med Gud, du er ikke viss på hans nåde, nei, du er urolig og redd. Ja, ja, det er heller ikke uten grunn. Du kan virkelig gå fortapt med all denne fromhet. Det trengs noe meget mer til å bli stående for Gud i dommen. Det sier også din samvittighet deg. Det trengs noe som er større enn alle frommes fromhet og alle helliges helighet. Her nytter det ikke med noe mindre enn *Kristi, Guds Sønns død, og ved troen å være kledd ham — være rettfer-*

*dig ved troen og ha fred med Gud ved vår Herre, Jesus Kristus.*

Det trengs at du kan si med hjertet: *Kristus er død for meg, for meg;* det bygger jeg på, ikke på at jeg er from, troende og alvorlig, men på at *Kristus* er from, *Kristus* er hellig og fullkommen, *Kristus* har holdt loven og lidt døden, som var syndens lønn. Det skjedde for meg og det strekker til for *alle* mine synder. Det er nok, evig nok. Og på det stoler jeg.

At du aldri har fått fred, kommer alt-så av at du har villet bli rettferdig og salig i ditt eget navn, i deg selv. Men hvis det hadde vært mulig, da var *Kristus død forgjeves*. Du har ikke opplevd hva den rette tro er. Tro og tro kan være to forskjellige ting. Du kjenner kanskje læren om Kristus og forsoningen og når du ikke tviler på den, så tror du jo, mener du. Men i ditt hjerte tenker du: med Kristi fortjeneste er det rett nok; i den er det ingen svikt. Men det er hos *meg feilen* er, hos *meg* må det bli annerledes! — Og så har du vendt deg fra Kristus og rettet blikket på deg selv. Hvordan skulle det

da være mulig å få fred? Hvordan kan du ha den rette tro?

Nå er det sant nok at alt er i orden med Kristi forsoning og at feilen er hos deg. Men du forstår ikke at feilen hos deg er så stor, at det ikke kan hjelpe hvor mye du enn arbeider på deg selv. Du kan ikke rette på det på noen annen måte enn at du rett og slett oppgir deg selv, og oppgir å bli annerledes. Da søker du din frelse hos Kristus alene! Du får ikke fred, fordi du tror alt må bli annerledes og rettes på hos deg, før du kan få fred. Du har ikke trodd og forstått hvor fortapt du er og hvor fullstendig alt er gjenopprettet i Kristus. Du har nok kjent deg som *en stor synder*, men ikke som en helt *fortapt synder*. Og om Kristus har du nok trodd at han har frelst store syndere, men ikke slike som du *hittil* har vært. Dette er de mest alminnelige grunner til at søkerne sjeler ikke får fred. — Andre sitter enda fast i en mer kjødelig sikkerhet. De har enda noe som er *mer om å gjøre for dem* enn Guds nåde. De har avguder og vanesynder som de degger for, og *ikke vil bli skilt fra* — og da er det bare godt at de ikke får fred.

For å få *Guds fred* er det altså nødvendig: først at ikke noe er så om å gjøre for deg som å få Guds nåde. Da kan du ikke slå deg til ro før du er sikker på å eie den. For det annet, at du lærer å oppgi deg selv. Da vil du innse at du hverken kan gjøre eller bli noe som har verd for Gud, og slik som du er, uverdig og fortapt, må du søke all din frelse i Kristus alene. For det tredje, at du ikke venter på frelsesvissitet gjennom et svar i ditt eget indre, men tar Guds svar der det er å finne, i *Ordet* og bare i *Ordet*. — Er det kommet derhen med en sjel, at den søker dette framfor noe annet, da sukker en med seg selv: Bare jeg hadde Guds nåde, skulle jeg ikke ønske meg noe høyere her på jorden. Da skulle jeg ikke akte på hva jeg måtte lide, bare jeg kunne tro på Kristus alene og bli funnet i ham, bare jeg kunne vite at det han har gjort hører meg til! Og jeg *vil* tro på *Ordet*, jeg vil ikke vente på følelser, om jeg bare *kunne* tro. Se, da er *troen* allerede født og da slår det ikke feil at en slik sjel også kommer til å få forvissning om nåden. Han kommer til å få full *fred*. Det sørger Gud for.

C. O. Rosenius



**Bladet Lov og Evangelium**

Bladet blir sendt til alle som sender eksp., namn og adr.

Bladet blir halde opp av frivillige gaver.

Eksp: O. Dyrøy, 5620 Tørvikbygd.

Telefon (055) 58363

Alt som har med bladet sin eksp.  
blir sendt dit, som tinging, oppseining  
og adresseforandring.

Gaver til bladet kan sendast kass. S.Bøhn  
postgiro 5 68 21 33

Red. Amund Lid, 5600 Norheimsund.  
Tlf. (055) 51 080.

**Norsk Luth. Lekmannsmisjon**

Form. Ragnar Opstad

Opstadv. 38, 4350 Nærø Tlf.04-433685

Kass. Sverre Bøhn, 5601 Norheimsund.

Postgiro 5 68 21 33. Bankgiro 3530.21.00932

OYSTESE TRYKKERI A/S

## **Korleis dyrker du Gud?**

Det er vel ikkje eit unyttigt spørsmål? Er det meir en ein måte å dyrka Gud på? Forvirringa om Guds dyrking, tru, evigt liv, frelsa og fortaping har vel aldri vore så stor som i dag. Då er det godt at vi skal få gå til ein som veit og kjenner alle ting for å få svar. Ingen behøver å leva i uvissa i sitt forhold til Jesus, blodet og korset.

Vi les Guds ord: Der var ei kona frå Tyatira som heitte Lydia og handla med purpur — ei av dei som dyrka Gud etter jødetrua. Ho lydde på oss, og Herren opna hjarta hennar, so ho høyrdet etter det Paulus tala. Då so ho og huslyden hennar var døypte, bad ho oss til seg og sa: So sant de heldt meg for å vera ein som trur på Herren, so kom heim i huset

mitt og gjev dykk til der, og nøydde oss til me gjorde det. Ap.g. 16,14-15.

Ho dyrka Gud etter jødetrua, det vil seja etter lovens bokstav. Paulus var og kjend med dette, Nikodemus, Kornelius og mange fleire. Var det galt? Nei, det er heilt om å gjera å begynda der. Det vil sia, å leva etter lova sitt fullkomne krav. Tilbe Gud som den einaste heilage og rettferdige. Han som gjer heilt rett om han kaster meg i fortaping, om ikkje alt er oppfylt. Der ligg mangt eit knefall om hjelp, mang ei tåra bak denne Guds-dyrking. Det lukkast so dårligt, men nye lovnader, nye kraft-tak, nye forsett, men målet like langt burte. Å, for pina og sjelekval. Korleis skal eg få ein nådig Gud? når eg berre høyrer domsorda over mi synd og dårlige liv? Når menneske tilber Gud på denne måte er det spenning i himlen, og spenning på jord. Skal det verta håplaust og føra til at ein får bruk for nåde? Den som har prøva dette, veit at slik er det. Så ein kjenner Lydia sitt hjarta, og Luther då han kraup Peters trappa i Rom.

Ein kjend prest som no er heime hjå Herren fortalte på møte ein gong: Eg hadde ei truande mor. Då eg reiste for å studera til prest sa ho: Du må ikkje gløyma blodet. Etter ei tid vart kløfta mellom mor og meg større. Då eg var ferdig på skulen, vert det tur til Stockholm, store talarer, og teologiske emne. Eg satt og høyrdet so kom spørsmålet er dette kristendom? Mors ord om blodet talte til meg, og eg gjekk ut. Burt mellom gravstötter sette eg meg ned. Der opna Herren hjarta for evangeliet. Studituren vert slutt, eg måtte heim til mor.

At gleda vert stor, er vel ikkje verdt å nemna. Det minker med fedre og mødre som ser kjenskapet til blodet som det største på denne jord, for seg sjølv og barna sine.

Men ikkje ein grand vyrder eg livet mitt for min eigen part, kan eg berre få fullföra laupe mitt og det kallet eg fekk av Herren Jesus, å vitna om evangeliet, om Guds nåde. Ap.g. 20.24.

Det var Annanias som fekk bera evangeliet til Saulus. Synet på Guds-dyrking var stor mellom Saulus og Annanias. Den er like stor i dag, men det må eit møte med Jesus for å sjå det. Det er i hjarta det må koma eit nytt lys og ei ny ånd, og Herren må få openberra for vårt indre menneske frelsa sin løyndom.

Det var mange som høyrdet same budskap som Lydia, og Cornelius, men hører kva som står skrevet: So skal de då veta brør, at me ber bod til dykk om at de for hans skuld får forlating for syndene. Men då jødane såg folkehopen vart dei fulle av harme og la i mot det som Paulus tala, la i mot og spotta. Men jødane øste opp dei høgste kvinnene som dyrka Gud, og dei fyrste mennene i byen, so dei fekk i gong ei forfylging mot Paulus og Barnabas og jaga dei ut av bygdene sine.

Det er store ting som hender når eit menneske har bruk for nåde, og syndsforlating. Når jeg har tenkt meg trett til døden, si så hvad du har tenkt o Gud. Då taler Herren, at de for Hans skuld får forlating for syndene. Ikkje for vår bønn, anger, gråt eller meir eller mindre knuste hjerte. Nei, for stedfortrederens

liv og gjerning åleine. Alt mitt som eg måtte og skulde, får eg byta med alt det Jesus var, er, og gjorde. Då blir det eit nytt lys i hjarta, eit nytt liv, og ei ny ånd. Redsel for dom og død kjem i eit anna lys. Tenk, du er frikjøpt. Det var ein som dyrka Gud fullkome og gav deretter sitt liv og blod. Som ordet seier: Men hans verk er det at de er i Kristus Jesus, som for oss har vorte visdom frå Gud, og rettferd og helging og utløysing, so at, som skreve stend: Den som roser seg, skal rosa seg i Herren.

Då får Lydia nye venner. Om Paulus står det skrevet: Han vart verande nokre dager hjå lærersveinane i Damaskus, og tok straks til å bæra fram bodet om Jesus i synagogene, at han var Guds son. Det vart stor forandring, og nye venner. Difor kunde han skriva til sine venner i Rom at heidninger som ikkje søkte rettferd, dei vann rettferd, men det var ei rettferd av tru. Men Israel som søkte ei rettferdslov, dei vann ikkje fram til slik ei lov. Kvifor? Fordi dei ikkje søkte henne av tru, men tenkte dei skulde vinna fram med gjerninger. Dei støytte seg på støytesteinen. Støytesteinen er den same i dag. Den deler Gudsdyrkarane i to. Til fall og oppreisning. Til fall for alle som vik unda lovens dom og krav, i nådetida. Til oppreisning og frelse for alle som kjem til kort med alt sitt eige, og Herren får omvenda. Dei som har sitt liv, si rettferd, sin fred, sitt barnekár, sitt alt i Jesus og han åleine. Bare desse kan tilbe og æra Gud med sin Gudsdyrking. Har du det slik?

*Odd Dyrøy*



## Sjå og spør etter dei gamle stigane

I Jeremias 6,16 les me: So sa Herren: Statt på vegane og sjå etter, og spør etter dei gamle stigane, spør kvar vegen til det gode er, og ferdast på den! So skal de finna kvild for sjelene dykkar. Men dei sa: Me vil ikkje ferdast på han.

Dette ordet er eitt ord frå Herren til fredlause og kvilelause sjeler, til små og store, til profet og prest, som søker lakk vinning og fer med svik, til dei som fer lettvinnt åt med å lækja mitt folks skade med di dei seier: Fred, fred! endå der er ingen fred. Sjå vers 13-14.

Det er eitt gammalt ord, men likevel høgst aktuelt for oss som lever i dag. Høyr berre kva Herren seier i vers 10: Kven skal eg tala til og vitna for, so dei høyrer? Sjå, øyra deira er u-omskore, so dei ikkje kan gjeva gaum (høyra etter); sjå Herrens ord hev vorte til spott blant dei, dei likar det ikkje. Er ikkje dette sanne og aktuelle ord til vårt folk? og er ikkje situasjonen slik i vår tid?

Herren bed oss stansa opp på vegane me går, for å sjå og høyra kva Herren seier, og tenkja over kvar vegen me ferdast på fører oss hen. Det som serpregar vår tid er stor tru på alt som er nytt, og lita tru på, ja, forakt for alt som er gammalt. Dette gjeld på alle område, både dei ting som høyrer livet her til, og når det gjeld frelsa og livet med Gud. Det står ei åndsmakt bak denne mentalitten, og det er årsaka til at det gjennomsyrar folket frå små til store. Ein liten gut, som ennå ikkje var så stor at han talia reint, fylgde i helane på far som leita

etter redskapar han ikkje kunne finna att, seier til far «Me tøpe nytt» Han hadde alt lært tida sin tankegang og innstilling: *Kast det forelda og umoderne og kjøp nytt!* I min ungdom tok folk vare på det dei hadde, Mor flikka og reparerte det slitte og som var i ustand, og det same gjorde far med reiskap og hus og heim, og var redd for å setja seg i skuld for det skulle betalast tilbake. Slik er det ikkje i dag, mor forlet sitt kall som husmor og mor, for å gå ut i arbeidslivet, overlet barna til seg sjølv eller til kommunen å skaffa dei plass i barnehage. Dei unge blir lært opp til å kasta og kjøpa etter tida sine motar, til å låna, krevja og bruka. Det fører til kav på alle omkverve, krav om høgare løn, større kjøpekraft, omsetning og levestandard. Stogga opp på den veien ei lita stund, og tenk etter kvar dette fører hen!

Den som ikkje er helt forblinda av denne verda sin Gud, og som ennå ikkje er så skada at han ikkje *vil* høyra og sjå, han burde sjå kvar dette fører hen. Til øydelagde ekteskap og heimar, til arbeidslause ungdomar, for dei som skulle vera mor og husmor overtek arbeidet dei unge og einslege skulle hatt, til lediggang som er rota til alt vondt, til eitt sjølvkjært og kravfullt folk som aldri får nok.

Ennå verre er det med dei åndelege vegane, som skulle føra oss til frelse og samfunn med Gud. Her treng me ennå meir stogga opp og tenkja etter, om me ferdast på den vegen som fører til det

gode, til frelse og evig liv heime hjå Gud?

Også her gjer same mentaliteten seg gjeldande: Å ha stor tru på alt nytt og li-ta tru på det gamle og forelda. Den visar seg best i at alt må bli fornya og nytt og betre å forstå for dei unge som veks opp, og me har fått ny omsetjing av Bibelen, ny liturgi i kyrkja, og det siste er ny sangbok, og ny salmebok kjem neste år. Herren seier at me skal stogga opp på vegen, og tenkja etter kva denne trua på alt nytt og forakten for det gamle og beståande fører til. For det første fører det til at den største del av dei som forkynner Guds ord legg bort den gamle bibelen som dei er blitt, eller burde blitt, glad i, og har lært store deler av utantil, og begynnar med ein ny og ukjend Bibel. Resultatet uteblir ikkje for dei som har lese den gamle bibelen, og serleg alle eldre, som er blitt glad i og lever av dei gamle sanningane frå den gamle Bibelen, dei nye ord og vendingar blir så ukjende og framande, og forkynninga vil tapa på at forkynnaranane må bruka ein ny Bibel dei ikkje er fortrulege med. Og likeins går det med den nye sangboka som tvingar seg innpå oss, til sorg for alle som er blitt gla i den gamle, og ei kjelde til forargelse for mange når dei ser korleis kjende og kjære sangar er forandra og tukla med, og bibelske og gode og kjære songar tekne bort.

For det andre må me stansa opp på vegen, og tenkja over og høyra etter kva Guds ord seier om dei mange nye og ukjende lærdomsver som kjem over oss. Tenkja over om dei fører oss på vegen til det gode, eller dei fører til det Bibelen

talar om: So me ikkje lenger må vera umyndige og laata oss kasta og driva om av kvar lærdoms vind ved mein spel av menneske, ved sløgd i kunster av villfaringa. (Efes.4.kap)

Alt dette nye fører til at me får mange slags kristendom, og nye vegar som gjev seg ut for å føra til himmelen. Ein lærdom fører til lykke-kristendom, som lærer at Gud vil me skal vera lukkelege,rike og ha nøgda, og vil ikkje at me skal vera sjuke og plagast av synda, og leva i kamp og strid mot synda i oss og om oss. Og det siste er popp-kristendom, med «kristelege» poppsangar, med jassfestivalar, «Gospel» kor og «gospel»natt og liknande, som serleg fengjer og dreg av med dei unge. Og det aller siste er oase-møter og oase-kristendom, som serleg legg vekt på åndsdåp og nådegåvene og lovsangen med nye og larmande tonar, mens dei på same tid ser ned på dei gamle som lever og arbeider i bedehusa, og går ikkje på møta der. Dei meiner at der er ikkje liv, berre Guds ord og sang som «proklamerar gamle Bibelske sanningar.» Det dei ikkje høyrest ut for å forstå, er at dei gamle lever i og av det gamle Bibelske evangelium om Lammet og Han som døydde for våre synder på krossen, og dei gamle sanningane i vår sang og salmeskatt i sangbok og salmebok. Det djupe innhald som møter oss der er livet og maten for oss, som det var for dei som levde før oss.

*Stansa opp og spør etter dei gamle stigane.*

Spør kvar vegen til det gode gjeng, og ferdist på den. I Hebr.13,7 les me: Kom

i hug førarane dykkar, som hev tala Guds ord til dykk! gjev akt på utgangen av deira ferd, og fylg so etter deira tru! Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja, til æveleg tid. Lat dykk ikkje føra vilt av mangfaldige og framande lærdomar! for det er godt at *hjarta vert styrkt ved nåden*, ikkje ved mat, som ikkje hev gagna dei som for med slikt. Kven er så førarane, som har tala Guds ord til oss? Det er for det første dei tolv apostlane, som inspirerte av den Heilaga Ande talte Guds ord, skreiv ned det Jesus talte og gjorde og er samla i det Nye Testamente, som saman med Guds tale gjennom Moses og profetane er å finna i Bibelen, som er Guds ord til oss. Der, og berre der, finn du vegen til det gode, vegen til frelse og evig liv og barnekår og arverett hjå Gud.

Dertil kjem dei som før oss har vore førarar og tala og vitna for oss, som Luther, Rosenius og andre sine skrifter. Den sky av vitner som har vandra på trua sin veg før oss, slik Hebrearbrevet talar om i kap.11. *Gjev akt på dei og utgangen av deira ferd, og fylg så etter deira tru!*

Det tyder ikkje at du skal bli dei lik, etterlikna dei og sökja ei tru som er like sterk som dei, men fylgja dei etter ved å tru på den same frelsar som dei trudde på, leva i dei same ting og på den same frelsa i Kristus som dei levde i og døydde i trua på!

Paulus seier i 1. Kor. 2. kap. at Han forkynte Jesus Kristus og han krosfest, og ville ikkje at trua deira skulle vera grunna på noko anna. Ordet om Jesus

som døydde i staden for oss på Golgata kross, sona alle våre synder ved å gi sitt liv og blod i døden, og vann oss ei evig utløysing, og rett til å tilgi synder på jorda og gjera syndarar salige. Difor seier han at han er døra, og han er vegen som fører til Faderen, ingen kjem til Faderen utan gjennom meg. Dette er einaste vegen til frelse og evig liv, og den er gamal, og det var om den me las frå Hebrearbrevet: Jesus Kristus er igår og i dag den same og blir det til evig tid.

Dei som levde før oss høyrdie Guds ord, kom til erkjenning av si synd og sin fortapte tilstand, fann vegen til Jesus og nádestolen i trua som han reiste på Golgata, der dei fann miskunn, nåde og tilgjeving for alle sine synder, og blei oppreist med Kristus til evig liv ved trua på Kristus, *han som er livet*.

*Det er godt at hjarta vert styrkt ved nåden*, og ikkje ved mat som ikkje har gagna dei som for med slikt.

Kjære ven, stogga opp på vegen ei lita stund, og spør deg sjølv kva trua di lever på og blir styrka av. Er det evangeliet om Jesus, ordet om krossen, om lammet som gav sitt liv og blod for deg, er det Kristi ord og vitnemål slik du møter det i forkynninga, i venene sitt vitnemål, og songskatten frå dei som levde før oss og etterlet sitt vitnemål om Jesus og det dei levde på og døydde på i trua?

Synest du derimot at dette er tungt og turt, og du leidest og vemtest med denne usle mat, og må ha noko nytt med liv og fart i, med meir «ånd og liv» som verda kan lika og ikkje støyta seg på, som er populert og samlar folk, du må vera

## Samfund med hverandre

Dersom vi sier at vi har samfund med ham, og vandrer i mørket, da lyver vi og gjør ikke sannheten; men dersom vi vandrer i lyset, likesom han er i lyset, da har vi samfund med hverandre, og Jesu, hans Sønns blod renser oss fra all synd.

1. Joh. brev 1. 6-7.

Det sies ofte, at kristendom og moral har intet med hinannen å gjøre, men v. 6 tyder klart på, at det er en sannhet med modifikasjoner. Ganske visst er «moral i all alminnelighet» en naturlig funksjon av samvittigheten. Det er ikke sant, at samfund med Gud i Kristus ikke skulle ha konsekvenser for ens livsvandel, sier ordet her, og dermed menes selvfølgelig noe mer enn moral, som bare har sitt utspring i menneske selv, den naturlige moral, for hver samvittighet har sin målestokk, og derfor er den menneskelige moral så flytende og ubestemt.

Men den som har fått verdens lys inn i sitt hjerte til liv og frelse, har dermed også

så fått hans vilje skrevet i sitt sinn (Hbr. 8,10), og den er noe fast og bestemt. Det er sant, at kristendom ikke vesentlig består i moral, men i Guds nåde i Kristus. Like så sant er det, at Guds nåde vil sette frukt i det menneske som tar imot den. Det blir et nytt liv, og det har Guds vilje til rettesnor. Derfor kan det ikke forenes å leve av nåde og vandre i mørke. Det er en sannhet, som selv verdslike mennesker forstår helt umiddelbart. Derfor har de også straks dommen klar over den kristen som kommer galt avsted, for de synest ikke at det sommer seg for en kristen å bære seg således at. Det gjør det naturligvis heller ikke. De har fullkommen rett i, at den som er en kristen og lever av nåde, ikke må synde, men de har allikevel ikke rett til å vente at en kristen er syndfri, for det venter ikke engang Gud. Men de har rett til å vente at en kristen, som har syndet, bekjenner sin synd og ber om tilgivelse. Og den som gjør det, taper ingens aktelse for det, for de forstår at han tar sin kristendom alvorligt. Bekjennelsen er jo nettopp et uttrykk for at en kristen ikke må synde — men til sin store sorg ser han, at det ikke alltid lykkes for ham å leve opp til sitt ideal. Derfor er det ham en smerte, hver gang han kommer til å svikte den innskrift, som Guds Ånd har skrevet i hans hjerte.

De feil i de kristnes liv, som er verdens største fornøyelse, er de ærlige kristnes værste pine. Men verden ser ikke, hvordan de lider under det, med mindre synden bekjennes. Derfor tilkommer det en

der det skjer noko og du oplever noko,  
er eg redd du er komen inn på ein veg  
som ikkje gagnar dei som fer med slikt.

Trong er porten og smal er veggen som  
fører til livet, og få er dei som finn han.  
Guds frelse og Guds rike blir aldri populert,  
og vil alltid vera få på kvar ein stad  
og til kvar tid her i verda, seier Guds ord.

Vakna opp! og vend om, tru på Jesus  
Kristus, han som tilgjev synder og gjev  
mådede og evig salvi til dem som ikke  
da kan like seg til salvi. Amund Lide

kristen å ydmyke seg for ikke å gi verden en kjærkommen unnskyldning — og for ikke å hindre dem i å bli ramt i samvitigheten, så de kan bli frelst. Nettopp fordi verden selv forstår, at kristendommen betyr farvel til synden, er de ikke villige til å omvende seg. De tror overhode ikke på at det går annå å synde på nåden. De vet godt, at man ikke samtidig kan ha samfund med lyset og allikevel vandre i mørke.

De som tror noe i den retning som v. 6 antyder, er med andre ord ikke ærlige folk, enten de så kaller seg kristne eller ei, for dette er så bunnfalskt som det kan bli, og ethvert ærligt menneske vil skamme seg over en sådan adferd, for de forstår umiddelbart, at her er et enten eller: Samfund med lyset og vandring i lyset — eller samfund med mørket og vandring i mørket, — noen mellomvei finnes ikke.

I denne sammenheng må det gjøres oppmerksom på dem som mener å forstå seg på, hvordan de kristne bør leve. Samtidig mener de, at når de ikke «selv giver seg ut for å være noe», er det ingen som kan stille noen krav til dem. Den innstilling møter man ofte — som om man kunne klare å frita seg hos Gud, når bare man ikke selv tar noe ansvar på seg. — Du sier altså ikke, at du har samfund med lyset, og så mener du det skulle gi deg rett til å vandre i mørket, men i så fall lyver du også for deg selv. Det må du kunne innse, bare du blir gjort oppmerksom på det en gang, at det er et galt resonnement: fordi jeg ikke er en kristen, har jeg lov til å synde som det passer meg. Det er å leve på en løgn.

Hvor lenge har du tenkt å fortsette i dette bedrag, som satan har spunnet om din sjel, når Herren over liv og død, himmel og helvete har sagt, at den sjel som synder, skal dø. Gud har intet sagt om, at det slipper man svare for, hvis man bare unnskylder seg med, at man ikke er noen kristen. Hvis det var tilfelte, kunne jo ikke Gud befale noen å omvende seg, for han hadde ikke noe han skulde ha sagt over dem som ikke er kristne.

Men du vet godt at det er en tankegang, som er uten grunn i virkeligheten, når Gud truer med straff til den gudløse som ikke vender om (Apg. 17,30. Ez. 18,23). Hvor det er sant, at den som vandrer i mørket ikke vet hvor han går hen, fordi mørket har blindet ham. Det er nettopp derfor, sannheten fra Gud nu kommer til deg for å rive bindet fra dine øyne. Han vet nemlig hvor du går hen, hvis du fortsetter i den innbildung, at når bare du ikke er en kristen, så krever Gud ikke noe av deg. Derfor byder han deg å vende om i tide, for ellers havner du i det ytterste mørke, hvorfra himlen aldri kan nåes.

Du kan fortsette i bedraget hvis du vil, men du må være klar over følgen, at du selv er bundet til den sammenheng, som du ser skal være mellom de kristnes liv og bekjennelse. Den som selv vet hva som er riktig og ikke gjør det, er skyldig i synd (Jak. 4,17). Når det sies så sterkt, er det fordi du ikke lenger skal misforstå, og fordi jeg ynker deg som er fanget i denne snare. Tro ikke ditt eget hjerte, men tro Guds sannhet.

I så fall kunne vi nemlig slå følge inn i

det neste vers, og noe bedre kan ikke skje deg, for den som vandrer i lyset, vet nemlig hvor han går hen. Det går hjemad til Guds evige rike, hvor det ikke trenges til lys «for Lammet er dens lys». Den som gjør sannheten, kommer til lyset, for han vandrer i lyset med hele sitt liv. Han gjemmer intet for Gud, og Gud åpenbarer seg for ham.

Fordi Gud er lys etter sitt vesen, står det nu å tilføye, at han er i lyset, det lys som stråler ut fra hans renhet og hellighet (1. Tim. 6,16). Og hvis vi har samfund med ham, vil det vise seg i renhet og hellighet i vår vandel. Det dreier seg nemlig ikke bare om et kunnskapslys, men om et praktisk lys: Å gjøre sannheten eller vandre i lyset er å praktisere sannheten.

Så kan vi ennu bedre forstå v. 6, for det kan ikke være å praktisere sannheten, men det er å praktisere løgnen, den moralske løgn, at man kan være i hellighetens og renhetens lys og samtidig velte seg i syndens sole. Noe sådant kan ikke tenkes om Gud, og derfor bør det heller ikke kunne tenkes om dem, som er delaktige i guddommelig natur og derfor har fått del i lysets vesen.

Imidlertid taler Johannes ikke i dette vers om samfund med Gud, men her går han tilbake til tanken i v. 3: Ordet om Jesus må forkynnes, for at de helliges samfund kan bli til, men nu får vi vite hva som må til, for at det kan bevares, og det er uhyre aktuelt i dag. Det klages så titt over at det er smått med de helliges samfund, at det er koldnet, så det nesten ikke er til å merke: det oppleves for lite, og det synest å være langt igjen

før alle kan kjenne Jesu desipler på den innbyrdes kjærlighet.

Nu har jeg ikke størst sympati for den som mest betjener klagetrommen, for det varmer i hvert fall ingen, og man kan lett finne noe nyttigere. Som bekjendt trives kjærligheten ikke der, hvor man klager over mangel på den. Tenk bare på, hvordan det går mellom to mennesker, når den tone kommer frem. Det går nærmest så, at man får som man klager til. I så måte er klagen nesten like-så effektiv til den gale siden, som troen er til den gode side, og det er ganske enkelt, fordi klagen har sin rot i vantro. Det er ikke av tro, men av mistro at man klager over de andre.

Det er straks noe helt annet, hvis det er deg selv du klager over, og det er vel heller ikke noen særlig grunn til at andre skulle holde særligt av deg. Men du, som er rettvendt i din klage, har det sådan at du trenger så meget til de andre, for uten dem blir det helt galt fatt med deg og livet fryser i deg. Men nettopp fordi du trenger til de andre, skal du ikke stille krav. Det vil gå deg meget bedre med å erfare broderkjærligheten, hvis du i stedet for lar dem merke at du ikke har nok i deg selv, men behøver deres kjærlighet. For når en sann kristen får det klart, så veller kjærligheten opp i hans hjerte.

Også på den måten er det nødvendig å vandre i lyset, for man kan da ikke selv være tilknappet i sitt vesen og enda vente at de andre skal være åpne. Men vær selv åpen, så åpner de seg nok. Hvis du ikke selv er ydmyk nok til å være åpen, er det din egen stolthet som lukker døren

for de andres kjærighet, og da har du kun rett til å klage over deg selv. Hvordan kan det bli samfund med andre, hvis man ikke deler både sorg og glede. Holder man fornemt på sitt, så får man intet. Også her gjelder det: Gi, så skal det gives eder. Vær litt gavmild i den retning.

Det er meget alvorlig, hvis kjærigheten kolner (Mat. 24,12) og vi er kanskje ikke nådd helt inn til sykdommens rot ennu, men la oss studere v. 7 litt nærmere. Det blir ofte talt om siste del av det, men det bør ikke glemmes, at det også har en begynnelse. Den er så meget viktigere, fordi det er den som fører inn i siste del: Hvis vi vandrer i lyset, så har vi samfund med hverandre.

Prøv nu å se klagen som vi talte om, i det lys, for så sier det oss noe ganske bestemt om dem som ikke har samfund. Hvis samfendet mangler, så mangler vandringen i lyset, for der kan man ikke være, uten at det fører til samfund og i samme grad, som den enkelte synder, blir samfendet svekket. Å synde er ikke noen privatsak, for det er også å svikte samfendet. Og hvis vi her har funnet årsaken til at det står dårligt til med de helliges samfund, så er det mer enn alvorligt, for så har vi ikke for alvor hørt v. 6, og da er det ikke sant at vi har samfund med Gud, og så kan det heller ikke bli noe samfund med hverandre.

Det er med andre ord synden som hersker der hvor det ikke er samfund. Så skarpt er dette vers, når vi ikke pakker det inn i vatt, eller bryte brodden av det. Hvis det nu ikke skjærer inn i deg, så er

du for godt pansret imot Guds ord, fordi du ikke er i lyset hos Gud. Prøv nu å ransake deg selv i det lys: Hvordan er forholdet mellom det du vet, og det du praktiserer-gjør du sannheten, eller nøyes du med å vite den? Den teori, at det bare kommer an på å vite sannheten, uten å leve den, er grunnlaget for fari-seisme og en konstant mangel på syndserkjennelse. De folk visste Jesus ingen råd med (Luk. 19,41).

Dem kunne han ikke få drevet inn under blodet, som renser (v. 7). Men om ordets sverd har ramt deg, så vil du la deg drive derinn, for du innser nu, at den største feil ved de helliges samfund er deg selv, og der må forandringen begynne. Du har ingen rett til å kreve fullkommenhet av de andre. Det er benådde syndere, og de som vet hva det betyder, får ikke så meget å klage over hos andre, for dem har Herren ydmyket. Og de gjennemvarmes av strømmen fra Golgata, derfor er det varme omkring dem. For dem behøver man ikke å holde lange prekener om v. 7b, for de kjenner dets hemmelighet. De lever nemlig ved renselsens og hellighetens kilde, og den stadige benyttelse av denne kilde betinger, at det står vel til i de helliges samfund. Vandrer vi virkelig i lyset for Gud, så har vil samfund og så renses vi fra all synd. La oss sette meget inn på, at alle tre ledd i kjeden er sterke: Vandre, ha samfund, renses.

Av

*Marius Jørgensen*

ved

*Godtfred Nygård*



## **Men han var like kald i hjarta, for han trudde dei ikkje**

Dette er sagt om Jakob då han fekk bod om at Josef son hans levde. Du kan lesa om det i 1. Mosebok kap.45.

Jakob sende Josef, den kjæraste av sønene sine, for å sjå om brørne sine som var ute og gjette feet. Etter denne turen kom ikkje Josef heim att, men børne kom med bod om at dei hadde funne den blodute kjolen hans, og Jakob trudde at eit vildyr hadde teke livet hans, og Jakob syrgde sårt over son sin.

Nå var mange år lidne, og det kom uår og hungersnaud som også kom over Israel. Midt i denne nauda kom der rykte om at i Egypt var der korn å få kjøpa, og Jakob måtte fleire gonger senda sønene sine dit for å kjøpa korn så livet kunne bergast for han og alle hans. Etter andre turen kom dei tilbake med bod om at Josef lever, og han er jamvel styrar over heile Egyptarlandet.

Det var vel den største og beste bodskap Jakob kunne få, men det står om han at *han var like kald i hjarta, for han trudde dei ikkje*.

Som det står om Jakob her, slik stillte folket hans seg sidan til den bodskapen Gud sende dei. Gud tala mange gonger og på mange måtar til fedrane gjennom profetane, og i desse siste dagar har han tala gjennom Sonen, står det i Skrifta, og likevel tok dei aller fleste ikkje imot han eller orda hans. Dei var kalde i hjarta, det vil seia dei elska han ikkje, for dei trudde han ikkje. På grunn av vantrua blei dei fleste liggjande att på vandringen gjennom øydemarka, og for vantru skuld kom dei ikkje inn i lovnadslandet. Slik gjekk det også då Gud kom til dei

personleg gjennom Sonen, Jesus Kristus, og tala til dei, let dei sjå kven han var ved å lækja deira sjukdomar, gjeva dei blinde synet og dei døve høyrla, dei spedalske gjorde han reine, og døde vekte han opp frå dei døde og gav dei livet tilbake. Dertil tilgav han synder på jorda, reiste opp dei som var i synda si makt og gjorde dei til nye menneske. Mange av dei var på Golgata og såg med eigne augo Jesus som Guds offerlamb som tok bort verda si synd, slik Gud hadde sagt dei gjennom Skriftene. Til tross for alt dette var dei fleste kalde i hjarta og ropa: «Bort med han, krossfest, krossfest, gjev oss Barabas fri!» — *for dei trudde han ikkje*.

Dei hadde eit vondt og vantruande hjarta, så dei fall frå den levande Gud, seier Guds ord i Hebr.3, 12-19: «Når det vert sagt: I dag, om de høyrer hans røyst, so forherd ikkje hjarta dykkar som på argingsstaden, kven var då dei som høyrde og endå arga han? var det ikkje alle dei som gjekk ut ur Egyptarland ved Moses? Kven var det han har mast på i fyrti år? var det ikkje på dei som hadde synda, so deira kroppar fall i øydemarka? Og kven var det han svor om at dei ikkje skulle koma inn til hans kvila, utan om dei som ikkje ville tru? So ser me då at det var for vantru skuld dei ikkje kunne koma inn».

På same vis gjekk det med dei fleste då Jesus levde her på jorda, og dei såg han med augo, og høyrde han direkte. «Han var i verda, og verda har vorte til ved han, og verda kjende honom ikkje. Han kom til sitt eige, og hans eigne tok

ikkje imot han» (Johs. 1, 10-11). «Sjå til at de ikkje viser ifrå dykk han som talar! For når hine ikkje slapp undan, dei som viste ifrå seg han som tala på jorda, kor mykje mindre skal då me sleppa undan om me vender oss frå han som talar frå himmelen!» (Hebr. 12,25).

Viser me Jesus og Guds ord frå oss, og fortset i synda med vilje, finst det ikkje noko anna offer som kan ta bort våre synder. Det er mykje verre å visa Jesus frå seg enn å bryta Mose lov: «Når nokon har brote Mose lov, so døyr han utan miskunn etter vitnemål frå two eller tri mann; Kor mykje verre refsing trur de då den skal verta kjend verd som hev trødt Guds Son under føter og vanvyrdt paktblodet, som han vart helga med, og svivyrdt nådens Ande! For me kjenner han som hev sagt: Hemnen høyrer meg til, eg skal gjeva attergjeld, og etter: Herren skal døma sitt folk. Det er grueleg å falla i hendene på den levande Gud.» (Hebr.10, 26-31)

Kjære leser, ver ikkje av dei som dreg seg unnan til fortaping, men av dei som *trur til frelsa for sjela!*

Kva hjelpte Jakob til å tru den bodskapen han fekk? Det står at sønene sa han alt det Josef hadde sagt dei: «Skunda dykk og far heim til far min og seg til han: So seier Josef, son din: Gud hev sett meg til herre over heile Egyptarlandet. *Kom no ned til meg! Dryg ikkje!* Du skal få bu i Gosenlandet og vera innmed meg, både du og barna og barnebarna dine, med bufeet ditt, både smått og stort, og med alt det du hev. Og eg skal syta for deg der».

Då Jakob høyrdet og såg vognene

Josef hadde sendt til å henta han i. Då kvikna Jakob, far deira, i hugen. Og Israel (Jakob) sa: Å, du store syn! Josef, son min, er i livet! Eg vil av og sjå han fyrr eg dør.

På same vis sa, og seier, Jesus til alle sine: Skunda dykk ut til endane av jorda og forkynn alle, at Gud har sendt Son sin — Jesus Kristus, til verda for å frelsa alle som trur frå synda, frå treldomen under synda og satans makt. Josef sa til brørne sine: Men no skal de ikkje syta eller vera bekymra og sorgmodige yver at de selde meg hit. Til livberging for dykk hev Gud sendt meg hit fyre dykk. So er det då ikkje de som hev sendt meg hit, men Gud.

Dette er fyrebilete på Gud som sende Son sin til jorda, til livberging for oss, ved at Jesus døydde i vår stad på Golgata kross for å sona våre synder ved sitt blod, og betala vår syndeskuld til Gud, og vinna oss ei evig utløysing frå synda og djævelens makt, frå liding og trellekår under dei, for å frelsa oss og gi oss evig liv og barnekår og arverett hjå Gud. Jesus har fullført sitt verk ein gong for alle, difor kan han fullkommen frelsa alle dei som kjem til Gud ved Han, og det er årsaka til at han har gitt oss sitt evige livs ord, og sender sine vitne til oss.

Me er like skyldige som brørne til Josef var, og har svike og selt Guds eigen Son, og til slutt teke klivet hans på krossen. Til slike seier han: Nå må de skunda dykk med bod om at eg lever, og seja til alle som vil høyra: Kom til meg, og kom snart! Kom du med alle dine og alt ditt! Du skal få bu i Gosen(himmel) saman

## Sommerskole med årsmøte

Norsk Luthersk Lekmannsmisjon hadde sommerskole med årsmøte på Frekhaug Folkehøgskole, ikke langt fra Bergen, i tiden 11. - 15. juli.

Omkring 220 faste deltakere var samlet til bibeltimer og møter der Guds ord ble forkjent til vekkelse, omvendelse og fornyelse, og mange reiste nok hjem med et fornyet sinn og en styrket tro og takk til Gud i sitt hjerte. Også i år hadde vi med oss ca. femti venner fra Sverige og noen få fra Finland.

Tore Nilsson fra Sverige og Mikal Sandel fra Finland var gjestetalere, sammen med misjonens egne talere.

*Årsmøte* ble holdt torsdag 12. juli, og ble åpnet med andakt av Ragnvald Lende fra Nærø, ved å lese Johannes 21, 15-18.

Deretter tok formannen ordet og minnet forsamlingen om Olav Aakhus, en av våre forkynnere, som fikk reise hjem til Herren i januar dette året, med takk til Gud for hva han fikk nåde fra Gud til å gi oss gjennem sin tjeneste.

---

med meg, og eg skal syta for deg, og du treng ikkje vera redd eller bekymra for det du har gjort. Alt er sona og blir tilgitt når du erkjenner det for Jesus, som Josef sine brør gjorde. Det blir tilgitt idag som det blei det den gongen, og blir aldri meir nemnt eller kome ihug av Jesus.

«Kom til din frelser, oppsett det ei! Her i sitt ord han viser deg veg. Kjærlig og nådig innbyr han deg, Kaller og sier: Kom!» Songb.132.

A. Lid

Av årsmeldingen fra formann og forkynnere gikk det frem at arbeidet gjennem året som gikk, ikke har gitt de store synlige resultater, men ordet ble forkjent og sæden sått, og vekst og frukter er det bare Herren som kan gi og registrere sant og rett. Året ble en ny anledning til å tjene de hellige med brødet fra himmelen, det eneste som kan bevare troen og gi vekst i nåde og kjennskap til Jesus, og frelse fortapte syndere. Det er stort behov i tiden for forkynnelse som skaper behov for frelse, og som kan løse og gjenfø menneskene til ett nytt liv i troen på Jesus.

Rekneskapen viste balanse, og det var en økning i gaveinntektene på 18%.

Ved valget av tre styre-medlemer ble følgende valgt: Odd Dyrøy fra Tørvikbygd, Reidar Linkjendal fra Sannidal, og Karl B. Bø fra Randaberg. Fra før står att i styret: Ragnar Opstad fra Nærø, og Ingebrigt Sørfonn fra Fitjar.

Styret valde Ragnar Opstad opp igjen som formann for eit nytt år.

Forsamlingen valde varamenn for styret: 1. Sverre Bøhn fra Norheimsund, Oddvar Lønnerød fra Sannidal som andre varamann, og Tore Harestad fra Bru som tredje varamann.

Årsmøte vedtok også å opprette valnemd for neste årsmøte, og følgende ble valde: Ånen Kolnes, Randaberg, formann, Magne Ekanger, Tyssebotnen, og Lilly Øygarden fra Sannidal.

Til revisorer av rekneskapen ble det gjenvalet av Johannes O. Neteland og Arne Otto Skutlaberg, både fra Norheimsund.

Karl B. Bø

**En bønn i nød blir aldri avvist**

*«Lovet være Gud som ikke avviste min bønn, og ikke tok sin miskunnhet fra meg.» (Salme 66,20)*

Har du opplevet dette? Har du opplevet hva det vil si å være i syndenød? Det er en situasjon der det går opp for deg at du er en synder. Det blir klart for deg at du ikke kan sone din synd selv og at syndens lønn er døden. Da kan du forsøke å skyve disse tankene fra deg. Døyve dem med aktivitet, arbeid, rusmidler, unnskyldninger — eller hva det måtte være, og leve med en mer eller mindre bevisst uro innerst inne ELLER — Du kan rope til Gud i din nød — og be han om nåde. Gjør du det siste, vil du komme til å erfare som salmisten at du blir ikke avvist, men *renset*. Men om ikke du søker din Gud, vil din uro være begrunnet og ditt håp brutt.

H. C. H.

**Forkast ikke Jesus**

*«Synden er at de ikke tror på meg.»*

*(Johs. 16.9)*

Den største synden er ikke alt det vi umiddelbart tror.

Det finnes en synd som er større enn mord, tyveri og utroskap: det er å forkaste Jesus! Det er å stille seg likegyldig eller negativt til hans verk.

Tenk litt på det!

Gud så at mennesket med sitt ufyselige syndeliv, ville kjøre seg selv rett utfor stupet.

Hva gjør Han?

Han ofrer sitt beste, GIR seg selv i døden for å berge oss.

Jesus KOM ikke til verden for å dømme verden.

Han var Guds utsendte redningsmann.

«Følg meg. Jeg vil «føre» dere i sikkerhet — » er hans budskap. Den ENESTE veg til himmelen.

Så — forakter du — eller neglisjerer du denne oppfordringen, finnes det ikke håp om tilgivelse eller berging.

Men fremdeles lever du! Enda er ikke Jesus kommet igjen! Enda har du muligheten til å ta imot Ham!

Vil du ikke nytte sjansen mens du har den?

H. C. H.

**Død og liv i hans hånd**

*«Og jeg har nøklene til dødsriket»*

*(Åpenb. 1.18)*

Vi har tidligere snakket om Jesu makt — og her ser vi en direkte side av den. Han har seiret over døden. Liv og død er i hans hånd. Derfor sier også Guds ord: Den som har sonnen, han har livet.

Det er ikke lett å bortforklare Jesu oppstandelse. Folk har helt siden Jesus sto opp igjen forsøkt å finne en naturlig og troverdig forklaring på den tomme graven — men det har de ikke kunnet gi. Faktum er at Jesu oppstandelse er bedre dokumentert enn en rekke andre historiske begivenheter fra samme tidsepoke. Forklaringen på den tomme graven er derfor at Jesus virkelig sto opp igjen.

Det beste vitnemålet om at Jesus lever idag er vel likevel at han fremdeles omskaper mennesker. Fremdeles gjør han under iblant oss. Og som vi sa: Død og liv er i hans hånd! Også ditt.

H.C.H.

---

## Om å åpne seg for Gud

«*Lat munnen opp, så fyller eg han.*»  
(Salme 81, 11b)

Det naturlege for oss menneske er at vi tar næringen vi trenger inn gjennom munnen. Riktignok kan man gi intravenøs næring, men da er en syk — og det er ingen ting å trakte etter. Derfor er det å åpne munnen en livsnødvendighet.

Å åpne seg for Herren er på samme

måte en nødvendighet. Guds Hellige Ånd må få slippe til i ditt liv for at du skal bli født på nytt og leve det nye livet. Hvorledes skal det skje? Jo, ved at du går og hører, leser eller på andre måter lar deg påvirke av Guds ord. Gjør du det, åpner du munnen — og troen vil skapes i deg. Og den som tror på Ham blir frelst.

---

## Reiseruter

for forkynnarane i Norsk Luth. Lekm. misjon 2. halvår 1984

1. *Odd Dyrøy:*

Randaberg, Nærbø, Vats, Fitjar, Stranda, Stord, Tysvær, Håvik, Suldal, Namdalen.

2. *R. Linkjendal:*

Elnesvågen, Bud, Vikan, Dalekvam, Standhelle, Rolvsnes, Finnås, Foldefjordhamn.

3. *G. Nygård:*

Varaldsøy, Gravdal, Brekke, Breivik, Yndesdal, Steinsdalen, Tørvik-

bygd, Ellingsøy, Askim, Ås, Sannidal.

4. *Andreas Bø:*

Bygland, Sannidal, elles til disposisjon.

5. *Amund Lid:*

Til disposisjon.

6. *Margrete Skumsnes:*

Besøker foreningene.

*Styret.*